



Hatteseljaren

– ei forteljing frå Sri Lanka



Det var ein gong ein fattig hatteseljar frå Sri Lanka. Han laga hattar. Alle slags hattar: kapsar, cowboyhattar, solhattar, nisseluer.

Alle desse hattane samla han i ei diger korg som han lyfte opp på hovudet.



Kvar dag gjekk mannen gjennom skogen. Han gjekk frå by til by, frå landsby til landsby, frå torg til torg og selde dei fine hattane. Ein dag hadde mannen gått langt og selt masse hattar. Han var trøytt i beina, svolten i magen og heit under sola.



Han kom til eit stort tre som gav herleg skugge.

Der sette han seg med ryggen mot stammen og åt maten sin.



Og med handa på korga sovna han.



Men mannen var ikkje åleine, for oppe i treet sat det apekattar, mange apekattar. Dei kika nysgjerrig ned på den snorkande mannen med hatt. Forsiktig sleppte dei seg ned frå treet. Dei lista seg bort til mannen. «Oh-oh-oh ...»

Lysbilde 12



Dei sneik seg forbi han, og forsiktig, utan at mannen merka det, fiska dei hattane ut av korga og tok dei på. «Oh-oh-oh ...» Dei bytte hattar og kasta dei til kvarandre og hadde det veldig artig. «Oh-oh-oh, æ-æ-æ.»



Mannen bråvakna av levenet og reiste seg opp. «Hæ!» Korga var tom.



Plutseleg såg han apekattar hoppe rundt med babyluer, damehattar og skinnluer. Hattane hans! «Hei, gje meg hattane mine!» ropte han. Men apekattane berre forsvann opp i treet.



«Elendige apekattar, dummingar, tjuvar!»

Han veiva med armane og hytta med neven, og apekattane veiva og hytta attende.



Irritert tok mannen ein neve lauv og kasta dei opp mot apekattane.

Apekattane plukka blad frå trea og kasta dei ned på mannen.



Mannen braut ein kvist frå treet og sikta opp på apekattane.



Ale apane braut av ein kvist kvar og sikta på mannen.



Mannen sleppte hatten ned på bakken,



og nett som han trudde, sleppte apekattane hattane sine, og
det regna stråhattar, toppluer og herrehattar.



Raskt plukka mannen opp alle hattane, putta dei i korga, sette korga på hovudet og gjekk vidare.



Mannen selde resten av hattane og gjekk heim til familien sin med ei morosam historie å fortelje.



Snipp snapp snute, så var eventyret ute.



Illustratør: Svetlana Voronkova

Se flere fortellinger på morsmal.no